



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til reviderte plandokument for reguleringsplan for Birkelundstunet - Alver - 172/14 - Seim

Vi viser til brev frå kommunen datert 29.06.2022. Saka gjeld revidert planforslag for detaljregulering for Birkelundstunet, med frist for uttale 26.08.22. I vår uttale til offentlig ettersyn, datert 09.11.2021, skreiv vi mellom anna at manglande ROS-analyse kan vere grunnlag for motsegn.

Statsforvaltaren si vurdering

ROS-analysen

I revidert forslag er det utarbeida ei ROS-analyse. I den reviderte ROS-analysen er sjekklista no meir utfyllande, og 3 moglege uønskete hendingar er identifisert og vurdert nærare i eige analyseskjema.

Vi kan ikkje sjå at det er definert akseptkriterier i ROS-analysen. Det er definert kva som meinast med høg, middels og låg sannsyn for «planROS» og for «flaum og stormflo». Det er ikkje definert kva som meinast med stor, middels og små konsekvensar. Det er heller ikkje definert kva risiko ein kan akseptere.

TEK17 definerer kva som er akseptabel risiko med omsyn til flaum og skred. På andre område skal kommunen ta stilling til dette.

Vi opplever ROS-analysen som rotete, og nokon stader motstridane. Manglande definerte akseptkriterier gjer ROS-analysen vanskeleg å vurdere. I vurdering av kvikkleire er det vurdert at liten sannsyn for ei hending og konsekvensane er små. På merknad på konsekvens står det: «*En potensiell hendelse kan i verste fall føre til helseskade og dødsfall*». Vi kan vanskeleg sjå at mogleg dødsfall kan definerast som små konsekvensar.

Vi rår sterkt til at det vert arbeida vidare med ROS-analysen.

Bustad-, areal og transportplanlegging

Seim ligg om lag 10 km frå regionsenteret Knarvik, og ligg utanfor vekstsonene i Regional areal og transportplan for Bergensområdet. Seim er difor ikkje eit område der ein skal legge opp til stor vekst



i bustader. Reguleringsplanen legg opp til 12 nye bustadeiningar i planområdet, i form av 3 bygg med 4 leilegheiter i kvar bygg. Vi vurderer at det kan vere fornuftig med nokre leilegheiter på Seim, for å få tilgang på litt forskjellige type bustader, men opplever talet som noko høgt. Vi rår difor til at kommunen vurderer å ta ut eit av bygga. Arealet som vert planlagt er lite og kan gje andre forventningar om å få bygge like tett. Vi gjer difor merksam på at det vil vere problematisk med tanke på omsyn i Statlege planretningslinjer for bustad areal og transportplanlegging, med fleire tilsvarende høgt utnyttta planer i dette området.

Konklusjon

Statsforvaltaren vurderer at ROS-analysen ikkje er god nok, og rår sterkt til at kommunen sett krav om at han vert arbeida vidare med. Vi rår også til å ta ned tal bustadeiningar noko.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 7900

0301 OSLO
5020 BERGEN